

Notat

Dato: 17.11.2016
Arkivsak: 2016/34315-1
Saksbehandlar: pernord1

**Etablering av
- Regionsenterring i Hordaland fylkeskommune og
- Forum for regionsenterkommunar****BAKGRUNN**

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen) definerer 9 regionsenter i fylket, og 3 bydelssenter i Bergen kommune med regionale funksjonar. Planen skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg verksemd i regionen. (pbl § 8-2).

Toppleiargruppa i Hordaland fylkeskommune gjorde 29.08.2016 vedtak om følgjande:

Hordaland fylkeskommune skal framstå heilskapleg, samla og kraftfull i sin innsats retta mot regionsentera. Dette skal gjerast gjennom å etablere følgjande:

- Oppretta ein intern Regionsenterring
- Oppretta eit Forum for regionsenterkommunar
- Oppretta eit sekretariat felles for begge desse organa. Sekretariatet skal organiserast i regionalavdelinga, planseksjonen.

Ansvar for etablering av sekretariatet og dei to organa er lagt til regionalavdelinga, planseksjonen og skal gjerast snarast.

ORGANISERING**Regionsenterringen****Mandat**

Samordna og representera Hordaland fylkeskommune sine ressursar og interesser relatert til regionsenter.

Grunnlag

Relevante regionale planar. Ved oppstart særleg; senterplan, klimaplan, næringsplan, transportplan, kulturplan.

Gjeldande verksemdsplan for Hordaland fylkeskommune.

Organisering

Regionsenterringen skal ha ein representant frå kvar av desse einingane: Opplæring, tannhelse, samferdsel, Skyss, kultur og idrett, regional (næring + klima og naturressurs), eigedom. Planseksjonen har sekretariatet.

Kvar eining nemner opp ein representant med vararepresentant til Regionsenterringen.

Aktivitet

Toppleiargruppa har gitt regionsenterringen eit konkret pilotprosjekt for 2017:

- Kvantifisera Hordaland fylkeskommune sin innsats i eitt regionsenter: Straume i Fjell kommune.
- Koordinera verkemiddelbruken, aktuelle planar og tiltak i regionsenteret Straume.

Møtefrekvens

Etter behov, og tilpassa aktivitetar i Forum for regionsenterkommunar.

Sekretariat

Mandat

Sekretariatet organiserer og førebur møta i Regionsenterringen, og i Forum for regionsenterkommunar i samarbeid med arbeidsutvalet.

Organisering

Sekretariatet skal bestå av to personar for å sikra tilgjengelegheit og kontinuitet. Plansjefen har ansvar for sekretariatet.

Forum for regionsenterkommunar

Mandat

Leggja til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling, koordinera og samordna bruk av verkemiddel og ressursar knytt til regionsenter.

Grunnlag

Føringar i regionale planar: Senterplan, klimaplan, næringsplan, transportplan, kulturplan m.m.
Føringar i kommunale planar.

Organisering

Samansetjing av Forum for regionsenterkommunar (22 medl.)

- 1 representant for kvar regionsenterkommune (adm., 10 medl.)
- Regionsenterringen (8 medl.)
- 1 representant for Statens vegvesen
- 1 representant for fylkesmannen
- Sekretariatet (2 medl.)

Kvar representant skal ha ein vararepresentant

Tiltak

Årleg arrangera eitt møte i Forum for regionsenterkommunar der ordførarar/vararepresentant i regionsenterkommunane og direktørane i HFK deltek. Møtet skal sikra kommunal forankring, og koplinga mot økonomiske og andre ressursar.

Arrangera fagsamlingar – pilotprosjekt – studieturar – kartlegging/analyse.

Samlingar i Forum for regionsenterkommunar skal lokalisert rundt om i regionsentera.

Arbeidsutval

Mandat:

Utarbeida forslag til årsplan for Forum for regionsenterkommunar og planleggja møte og tiltak i forumet.

Organisering

Det skal opprettast eit arbeidsutval i Forum for regionsenterkommunar samansett av 2 representantar frå Regionsenterringen, 2 representantar frå regionsenterkommunane og sekretariatet (totalt 6 medl.) Representasjonen i arbeidsutvalet skal gå på omgang. Representantar i arbeidsutvalet utanom sekretariatet har ei funksjonstid på 2 år.

Aktivitet

Førebu og organisera arrangement og aktivitetar for Forum for regionsenterkommunar.

Bergen 15.11.2016
planseksjonen